

# Ny PBL – regionale planstyresmakter si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Undertema i programmet

Tolkar; Korleis bruke PBL til å setje landbruket på lokal og regional politisk dagsorden.

Verkemidla me har?



## Svaret; planlegging og dei gode prosessane

Ny PBL, verktøyet for ei brei og langsiktig samfunnsutvikling, jf auka fokus på samfunnsdelen. Frå areal til samfunn.

Kommuneplanlegging for å sikre jordvern m.m og stimulere til næringsutvikling.

Ein av dei viktigaste paragrafane i ny PBL, 3-1  
"Oppgaver og hensyn i planlegging etter loven"  
Dei to fyrste spørsmåla er lovpålagte omsyn i  
kommuneplanlegginga



## Kommuneplanlegging

- Lovpålagt for kommunane å ha.
- Plansystemet (OBS)
- Krav om brei medverknad (mobilisere utviklingskrafta og vere med å utforme)
- Kommunane rolle som utviklingsaktør
- Kommuneplanen er eit overordna og samordna styrings- og utviklingsdokument. Kommuneplanen er samfunns- og arealpolitikk.
- Skal samordnast med nasjonale og regionale mål og omsyn. Suppekoking - interessevekingar.
- Planprogram



# Plansystemet

Kommuneplan = samfunnsdel, arealdel og handlingsdel. Den raude tråden

Samfunnsdelen avklarar visjonar, mål og utviklingsstrategiar.

Arealdelen kva arealdisponeringane må vere for å oppfylle mål og strategiar. Handlingsdelen/økonomiplanen avklarar og prioriterer ressursane som krevjast for å fylle samfunnsdelen.

Utviklingsprosjekt som er avklara gjennom kommuneplanlegginga bør ha større sjansar til å få regionale utviklingsmidlar enn prosjekt som ikkje er det. Kommuneplanen er ein politisk forankra plan og me seier at prosjekt som er politisk forankra har større sjansar for å lukkast, eigarskap og gjennomføringskraft.



## Utfordringar

Plankompetanse og kapasitet (jf NIBR si kartlegging)

Kompetanse/haldningar om kva kommuneplanlegging er for noko. Få næringa til å skjønne at ein må vere med i kommuneplanlegginga og at det og er ein plan for strategisk næringsutvikling. Setje på dagsorden at landbruket er ei viktig næring i kommunen.

Få alle planbehov til å gå gjennom kommuneplanlegginga (jf tidlegare rettleiar til korleis lage landbruksplan, no rettleiar om korleis landbruket bør/må kan medverke i kommuneplanlegginga?)

Planmani – alle sektorar skal ha sin eigen plan!

Planstrategi godt verktøy for samordning og overordna avklaring (frå sektor til samfunn) av kommunen sitt planbehov.

Oppfølging av planane



## Regionalplan for landbruk

Strategisk næringsutviklingsplan

Oppfølging i kommuneplanane

Samordnar (?) slik at me slepp x- tal enkeltstående strategidokument?

Ressursar til oppfølging

Forankring; Skjønar fleire enn det gamle fylkeslandbruksstyret at fylkeskommunen er blitt ein landbrukspolitisk aktør – og at landbruket si rolle i den regionale utviklinga er mykje meir enn jordvern?

Mange regionale planar, samordning til eit felles RUP program?



## Regional planstrategi

Sett på som godt verktøy

- Ikkje planleggja meir enn naudsynt
- God samordning av verkemiddel
- Fokus på kva som er hovudutfordringane for regional utvikling og då kanskje meir målretta og effektiv bruk av utviklingsmidlar
- Det einaste lovpålagte planinstrumentet på regionalt nivå



## Regional planføresegn

- regional planlegging, sjå arealbehova og arealomsyna i ein større samanheng, over kommunegrensene.
- Fordel; lettare, særskilt i område med stort press og kampen om areala, å ivaretake viktige samfunnsomsyn samstundes som ein legg til rette for utbygging og næringsutvikling.

Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren, langsiktig grense for utbygging og jordvern. No moglegheitar for å gjera dette til ein regional planføresegn.





## Regionalt planforum

JIPPI

Forum for kommunane til å få gode planar som medverkar til samfunns- og næringsutvikling. Forum for kommunane til tidleg å få kjennskap til potensielle konfliktområde som dei må bruke planprosessen til å finne gode løysingar på.

Moglegheiter; Arena for god samordning mellom statlege og regionale planstyresmakter og utviklingsaktørar. Rettleiing, kompetanse, samarbeid, motivasjon, engasjement....



## Motsegn

Kvifor brukar ein motsegn?

Fylkesmannen og fylkeskommunen ulike mynderoller.

Regionalt planforum – samordningsfunksjon.

Regional dialog

Påstand (?); I eit fylke med regionale planar for det meste kan ein seie at statleg og regional arealpolitikk er samordna men både FM og FK bør fremje motsegn for å få ekstra tyngde til oppfølging av kommunane om ein vil regional utvikling. Særskilt FK kor motsegn er ei politisk avgjerd.

